



Johannes Hauge med firhjulingen sin, på veg til sjøen og båten.

For vel eit år sidan fekk Johannes Hauge ny køyredøning til gards. Det er ein firhjuling med 42 HK motor, registrert som ein traktor. Firhjulingen lettar framkomsten for Johannes når han skal frå tunet sitt oppe i Skorpo til båten som ligg i hamna hos Ole Kristoffer Vågen.

Vi møter Johannes i dag ved grinda som fører oss inn på innmarka i det som i Lavik si bok heiter Tunet i det blå. Johannes brukar omgrepet firhjuling, ikkje ATV. Den vart kjøpt på Voss for eit år sidan og har alt vore til stor glede og nytte for den 83 år gamle bonden på Skorpo. No kjem han seg trygt til sjøs og slepp slita på gods og varer frå båten og heim til gards.

Vegen er utbetra. Det har han gjort sjølv med ein noko større traktor. Singel og grus er henta frå Eidet og lagt i hjulspora. Det er eit tungt arbeid, men alt gjer han med eiga arbeidskraft.. Johannes klagar ikkje. Etter at kona døydde, har han budd og drive garden åleine. Potetene er nett komne i hus. Sauene går ute på bøen. Hanen og hønene lagar lyd. Ei høne er teken ut av flokken. Ho har mange nyfødde kyllingar og vernar flokken når vi

nærmar oss. Den landskjende kua med horn i kvar sin retning er slakta. Johannes Hauge er, så langt vi kjenner til, ein av få i Kvinnherad som bur og lever på denne måten.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal